



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/11900-5

Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - prosjektplan overordna analyse

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse vert godkjend slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber om levering av overordna analyse innan utgangen av juni 2016

Vedlegg:

- Selskapskontroll - prosjektplan – overordna analyse 2016 - 2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Plan for selskapskontroll skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen sine eigarskap ut frå risiko- og vesentlegvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for Selskapskontroll.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 13 står det følgjande om plan for selskapskontroll og den overordna analysen:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorar og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden

Føresegna fastset at det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Andre ledd inneheld krav om overordna analyse. Føremålet med analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen sin eigarskap, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for selskapskontroll. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønskjer den overordna analysen.

Retningslinjer for innhald og gjennomføring av selskapskontroll sin eigarskapskontroll er omhandla i forskrift om kontrollutval § 14. Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon som er omhandla i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 3.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 51/15 å bestille overordna analyse, der det vart bedt om ein prosjektplan for utarbeiding av den overordna analysen med vurdering av tidsbruk/økonomi.

2. Vurderingar og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein plan for selskapskontroll som gjeld ut 2016, eller til ny plan er vedteken av fylkestinget.

Ny plan for selskapskontroll skal vere utarbeidd av kontrollutvalet og handsamast av fylkestinget innan utgangen av 2016. For å unngå dårleg tid med dette viktige arbeidet foreslår sekretariatet å bestille overordna analyse på møtet 24. november. Følgjande framdriftsplan vert føreslege:

- Kontrollutvalet vedtek å bestille overordna analyse av SF revisjon IKS på møte 24. november 2015. Leveringsfrist for analysen vert sett til 30. juni 2016.
- Kontrollutvalet handsamar overordna analyse i løpet av august.
- Kontrollutvalet handsamer Plan for selskapskontroll basert på sak frå sekretariatet i løpet av september 2016.
- Fylkestinget handsamar plan for selskapskontroll oktober 2016.

Overordna analyse

Det er i forskrifta sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for selskapskontroll basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for selskapskontroll vert utarbeidd.

Prosjektplanen inneholder innleiingsvis ein kort orientering om føremål og problemstillingar i arbeidet med analysen. Prosjektplanen inneholder vidare eit kapittel om risiko- og vesentlegvurderingar der vi får ein gjennomgang av metode for å utarbeide analysen. Til slutt er det oversikt over tid og ressursbruk.

Kontrollsjefen vil utarbeide plan for forvaltningsrevisjon på bakgrunn av det som kjem fram i den overordna analysen.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne prosjektplanen slik den ligg føre, og be revisor om å gjennomføre analysen i samsvar med prosjektplanen og ferdigstille prosjektet innan utgangen av juni 2016.